



Utanfor SAJA CAFÈ treffe eg i dag på 8 år gamle Saulè Zemaitaityte. Ho kosa seg i duskregnet med å kjøra rundt i den flotte elektriske bilen vi ser på bildet. Ein stilig Audi trur eg det er!

Den stolte eigaren av den staselege kjøredningen er Saulè sin veslebror, Arunas. Det er nemleg burdagspresang til han. Han vert 2 år 20.mai, men med så flott presang klarte sjølvsagt ikkje mamma og pappa venta så lenge.

Saulè kjører bilen flott heilt åleine, men det er også fjernstyring til den. Dermed er det pappa som har kontrollen når den 2 år gamle eigaren kjører sjølv.

Foto: Thor Inge Døssland.